

## Habilitetsavgjerder for tilsette, styremedlemmer og andre som utfører arbeid eller tenester for KORO

---

Gjeld frå 1. januar 2015

# Innhald

Innleiing .....	3
Del 1: Reglar om inhabilitet.....	4
1.1. Automatisk inhabilitet.....	4
1.2. Inhabilitet etter skjønn .....	4
1.3. Avgjerd om habilitet.....	4
1.4. Plikt til å fråtre .....	5
1.5. Inhabilitet hos overordna.....	5
1.6. Inhabilitet som openbert ikkje har innverknad på saka .....	5
1.7. Foreløpig avgjerd .....	5
Del 2: Retningslinjer for habilitetsvurderinga .....	6
2.1. Innleiing.....	6
2.2. Kva er (in)habilitet?.....	6
2.3. Kva for delar av saksbehandlinga gjeld habilitetsavgjerdene for? .....	6
2.4. Automatisk inhabilitet.....	7
2.5. Meir om inhabilitet etter skjønn.....	8
2.6. Habiliteten til ein underordna når overordna er inhabil .....	11
2.7. Inhabilitet som openbert ikkje har innverknad på saka .....	11

## Innleiing

Reglane om habilitet i forvaltningslova gjeld for styremedlemmer og tilsette i KORO. Habilitetsreglane gjeld også for medlemmer i utval knytt til tilskotsordningane til KORO, for medlemmer av kunstutval, samt for kunstkonsulentar, kuratorar, produsentar og andre som måtte utføre arbeid eller tenester for KORO.

Dette dokumentet inneheld reglar om habilitet for KORO og retningslinjer for habilitetsvurderinga ein skal gjere. I del 1 av dokumentet er det nedfelt eigne habilitetsreglar. Reglane er stort sett dei same som reglane i forvaltningslova, med visse tilpassingar til verksemda til KORO. I del 2 av dokumentet er det tatt inn retningslinjer for habilitetsvurderinga ein skal gjere.

Reglane i del 1 er bindande. Retningslinjene i del 2 er meint som ei rettleiing i vurderinga. Retningslinjene gir ei nærmare skildring av ulike omsyn ein må ta, og gir eksempel på konkrete situasjonar og problemstillingar som kan oppstå ved saksbehandling og ved vurdering og gjennomføring av kunstprosjekt i KORO.

Medlemmer av styret og tilsette i KORO, medlemmer av faste og midlertidige utval og andre som utfører arbeid eller tenester for KORO, skal få dette regelverket til underskrift ved tilsetning/oppnemning. Sjå eige skjema.

Dersom medlemmer av utval og andre som utfører arbeid eller tenester for KORO blir oppnemnde for å førebu eller treffe avgjerd i ei bestemt sak, skal vedkommande erklære at han eller ho ikkje kjenner til forhold som gjer han eller henne inhabil til å førebu eller treffe avgjerd i den aktuelle saka. Sjå eige skjema.

På kvart møte i styret og utvala skal spørsmålet om inhabilitet vere eit eige punkt på dagsordenen. Det skal komme fram av referatet at spørsmålet om inhabilitet er reist, kva for forhold som eventuelt har vore drøfta, kven som har deltatt i drøftingane, og kva for vedtak styret eller utvalet har treft i saka.

Dersom det i ei sak som er til behandling, er henta inn eksterne utsegner eller vurderingar, skal det komme fram av referatet kven som har lagt til rette for saksbehandlinga, og at habiliteten til den eksterne personen er vurdert av administrasjonen i KORO.

## **Del 1: Reglar om inhabilitet**

### **1.1. Automatisk inhabilitet**

Medlemmer av styret og tilsette i KORO, medlemmer av faste og midlertidige utval og ein kvar annan som utfører arbeid eller tenester for KORO, er inhabil til å legge til rette for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei sak

- a) når han eller ho sjølv er part i saka;
- b) når han eller ho er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken;
- c) når han eller ho er eller har vore gift, partner, sambuar eller forlova med, eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til, ein part i saka;
- d) når han eller ho er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore verje eller fullmektig for ein part etter at saka begynte;
- e) når han eller ho leier eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamlinga til, ei offentleg eller privat verksemd, institusjon, foreining eller stifting som er part i saka.

### **1.2. Inhabilitet etter skjønn**

Medlemmer i styret og tilsette i KORO, medlemmer i faste eller midlertidige utval og ein kvar annan som utfører arbeid eller tenester for KORO, er inhabil til å legge til rette for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei sak når det finst andre særeigne forhold enn dei som kjem fram over, som er eigna til å svekke tilliten til habiliteten hans eller hennar. Mellom anna skal ein legge vekt på om avgjerda i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for han eller henne sjølv eller nokon som han eller henne har nær personleg tilknytning til. Ein skal også legge vekt på om inhabilitetsinnvending er reist av ein part.

### **1.3. Avgjerd om habilitet**

Medlemmer av styret og tilsette i KORO, medlemmer i faste og midlertidige utval og ein kvar annan som utfører arbeid eller tenester for KORO, skal på eige initiativ og i god tid seie ifrå om forhold som gjer eller kan gjere han eller henne inhabil til å behandle ei bestemt sak.

Den tilsette i KORO avgjer sjølv om han eller ho er inhabil. Dersom ein part krev det, eller den tilsette sjølv finn grunn til det, skal spørsmålet leggst fram for den nærmaste overordna til avgjerda.

Administrasjonen i KORO avgjer om medlemmer av utval som berre blir oppnemnt for å førebu eller treffe avgjerd i ei enkelt sak, og andre som utfører arbeid eller tenester for KORO utan å vere del av eit kollegialt organ, er habile i den enkelte saka.

Styret og utvala treffer sjølve avgjerda om habiliteten til ein medlem, utan at vedkommande medlem deltar. Vedkommande medlem forlèt rommet når avgjerda om habilitet blir tatt. Dersom fleire medlemmer kan vere inhabile i ei og same sak, kan ingen av medlemmene delta i avgjerda om eigen eller ein annan medlem sin habilitet, med

mindre styret eller utvalet elles ikkje ville vere vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnte tilfelle skal alle møtande medlemmer delta.

#### **1.4. Plikt til å fråtre**

Medlemmer av styret og tilsette i KORO, medlemmer i faste og midlertidige utval og ein kvar annan som utfører arbeid eller tenester for KORO, pliktar å fråtre frå heile handlinga av saka viss han eller ho er inhabil. Vedkommande skal forlate rommet når saka blir behandla og avgjort.

#### **1.5. Inhabilitet hos overordna**

Dersom ein tilsett i KORO er inhabil, kan avgjerda i saka heller ikkje bli tatt av tilsette som er direkte underordna han eller henne. I tilfelle der dette gjeld direktøren i KORO, skal det om nødvendig bli oppnemnt ein vikar for vedkommande.

#### **1.6. Inhabilitet som openbert ikkje har innverknad på saka**

Reglane om inhabilitet trer ikkje i kraft dersom det er openbert at vedkommande si tilknytning til saka eller partane ikkje vil kunne påverke standpunktet hennar eller hans, og verken offentlege eller private interesser tilseier at personen som er inhabil vik sete.

#### **1.7. Foreløpig avgjerd**

Sjølv om ein person er inhabil, kan vedkommande behandle eller treffe ei foreløpig avgjerd i ei sak dersom utsetjing ikkje kan skje utan vesentleg ulempe eller skadeverknad.

## **Del 2: Retningslinjer for habilitetsvurderinga**

### **2.1. Innleiing**

Retningslinjene gir ei nærmare forklaring av habilitetsreglane som gjeld for verksemda til KORO. Retningslinjene er ikkje bindande, men er meint som ei rettleiing i habilitetsvurderinga ein må ta når ein skal avgjere om styremedlemmer og tilsette i KORO, samt medlemmer av faste og midlertidige utval og andre som utfører arbeid eller tenester for KORO, er habile til å delta ved førebuing og avgjerd i saker til behandling. Retningslinjene skildrar ulike omsyn ein må ta i habilitetsvurderinga, og gir eksempel på situasjonar og problemstillingar som kan oppstå i saksbehandlinga for KORO.

### **2.2. Kva er (in)habilitet?**

Inhabilitet oppstår når det finst omstende som er eigna til å svekke tilliten til at ein person er upartisk. Reglane skal forhindre at personar som handlar på vegne av forvaltninga, her KORO, opptrer partisk til eigen eller andres fordel i den enkelte saka. Reglane skal også sikre at omverda har tillit til den generelle verksemda til forvaltninga. Det er viktig å peike på at det ikkje er kritikkverdig å vere inhabil. Derimot er det kritikkverdig ikkje å fråtre frå behandlinga av ei sak ein er inhabil til å behandle.

### **2.3. Kva for delar av saksbehandlinga gjeld habilitetsavgjerdene for?**

#### ***2.3.1. Innleiing***

Habilitetsreglane til forvaltningslova gjeld for all verksemd som er driven i KORO. Habilitetsreglane gjeld såleis ikkje berre saker som munnar ut i eit enkeltvedtak, inkludert vedtak om løyving eller tildeling av oppdrag, som har direkte betyding for bestemte partar, men også for meir overordna vedtak, for eksempel av strategisk karakter. Reglane gjeld vidare ikkje berre når det blir fatta endeleg vedtak i saka, men som hovudregel også under saksførebuinga. Desse sidene ved habilitetsreglane blir behandla under.

#### ***2.3.2. Strategiske vedtak og enkeltvedtak***

Verksemda i KORO består i hovudsak av å treffe tre ulike former for vedtak: vedtak om å innvilge eller avslå søknader om støtte frå bestemte søkarar, vedtak om tildeling av oppdrag, og vedtak av meir strategisk art. Eksempel på det siste er budsjettvedtak om å opprette bestemte tilskotsordningar eller vedtak om å prioritere bestemte satsingsområde.

Når ein treffer eit vedtak om å innvilge eller avslå ein bestemt søknad, eller å tildele eit oppdrag, står vi overfor eit enkeltvedtak i forvaltningslovas forstand. Eit slikt vedtak har direkte betyding for éin eller fleire bestemte partar. Strategiske vedtak, derimot, rettar seg ikkje mot bestemte adressatar, og vil som hovudregel berre få ein indirekte verknad på enkeltsøkarar.

Som nemnt gjeld habilitetsreglane for alle sakstypar. Spørsmålet om automatisk inhabilitet vil likevel sjeldan oppstå i saker som gjeld meir strategiske vedtak, der det

som regel ikkje er nokon "part" i saka. Det skal også meir til før det finst inhabilitet når ein fattar slike vedtak, enn når ein fattar enkeltvedtak.

Tilknytning til eit fagmiljø, eller til ein bestemt institusjon, vil for eksempel som hovudregel ikkje medføre inhabilitet i vedtak av strategisk art. Dette gjeld sjølv om saka skulle dreie seg om prioritering mellom ulike satsingsområde, og vedkommande som handlar på vegne av KORO representerer éi av fleire motstridande interesser. Ein må her ta omsyn til at vedkommande som handlar på vegne av KORO, ofte er valt til denne oppgåva nettopp på grunn av den faglege bakgrunnen og tilknytninga, slik at han eller ho kan tilføre KORO den ønskete kompetansen og erfaringa på det aktuelle området.

Utgangspunktet er at det berre kan oppstå spørsmål om inhabilitet i strategiske vedtak i situasjonar der det finst ei *klar eller rimeleg sannsynleg moglegheit* for at vedtaket *vil få konkret betyding* for vedkommande sjølv eller ein person eller ei verksemd han eller ho har særskilt tilknytning til. Eit eksempel kan vere at det på vedtakstidspunktet er klart at vedkommande vil komme i ein partsposisjon i nær framtid dersom det aktuelle strategiske vedtaket blir fatta, og/eller at vedtaket har klar og direkte betyding for vedkommande sin moglegheit til å få innvilga støtte eller oppdrag på eit seinare tidspunkt.

### **2.3.3. Førebuing og avgjerd**

Vedkommande som blir rekna som inhabil, er ikkje berre avskoren frå å fatte endeleg vedtak, men også frå å "treffe avgjerd" og å "legge til rette for ei avgjerd" i saka. Det betyr at vedkommande som er inhabil, skal fråtre frå alle ledd i behandlinga av for eksempel ein søknad eller ein konkurranse, og ikkje berre frå sjølve vedtaket om å innvilge eller avslå søknaden. Det same gjeld konkurrerende søknader i same sak eller konkurranseutkast til same oppdrag.

## **2.4. Automatisk inhabilitet**

Reglane om automatisk inhabilitet gjeld absolutt. Dersom styremedlemmer og tilsette i KORO, medlemmer av faste eller midlertidige utval eller andre som utfører arbeid eller tenester for KORO sjølv er part i ei sak, for eksempel fordi vedkommande har ein søknad eller eit konkurranseutkast til vurdering, er vedkommande inhabil. Det same gjeld viss det finst andre forhold som kjem fram av regelverket. I slike tilfelle skal ein ikkje gjere ei nærmare vurdering før vedkommande fråtrer frå behandlinga av saka.

KORO har utvida avgjerda om automatisk habilitet noko i forhold til reglane i forvaltningslova. Utvidingane ville etter KORO si oppfatning elles falle inn under den skjønnsmessige avgjerda om inhabilitet.

Spørsmålet om det finst automatisk inhabilitet, reiser, i motsetnad til spørsmålet om det finst inhabilitet etter skjønn, sjeldan vanskelege vurderingstema.

## 2.5. Meir om inhabilitet etter skjønn

### 2.5.1 Det overordna vurderingstemaet

Når ein skal vurdere om det finst habilitet etter skjønn, er det avgjerande vurderingstemaet om det finst *særeigne forhold* som er *eigna til å svekke tilliten* til at ein person er upartisk. I denne vurderinga skal ein mellom anna legge vekt på om avgjerda i saka kan innebere *særleg fordel, tap eller ulempe for han eller henne sjølv eller nokon som vedkommande har nær personleg tilknytning til*.

Ein må gjere ei konkret vurdering, og det kan vere hensiktsmessig å stille to spørsmål: Finst det særeigne forhold som ein kan anta svekker vedkommande si objektive tilnærming til saka, eller kan det i alle fall sjå slik ut for omverda?

KORO deler kvart år ut tilskotsmiddel og oppdrag av vesentleg omfang til kunstnarar og kunstkonsulentar/kuratorar/produsentar, og det er betydeleg konkurranse om midla og oppdraga. Ikkje berre den enkelte søkaren, men også samfunnet har ei legitim interesse i at tildelingane skjer på sakleg grunnlag, og ein må forvente at tildelingar frå KORO har omverdas interesse. Ein må likevel søke å finne ein balanse mellom omsynet til tilliten til saksbehandlinga i KORO, og omsynet til at regelverket også tar vare på behovet for kompetente vedtakstakarar og praktikable reglar. Særleg gjeld dette i eit lite land som Noreg. Det skal derfor understrekast at det først er i dei tilfella der det finst *særeigne forhold*, at det vil kunne finnast inhabilitet.

Ein må sjå den skjønnsmessige avgjerda i samanheng med avgjerda om automatisk inhabilitet. Finst det liknande grunnar til inhabilitet som nemnt i avgjerda om automatisk habilitet, for eksempel eit tilsettingsforhold utan at dette er i leiinga til verksemda, eller anna slektskap enn det som medfører automatisk inhabilitet, må det finnast særeigne forhold før ein person er inhabil.

Under er nokre eksempel på enkelte situasjonar som ein kan sjå på som slike *særeigne forhold*. Det er likevel viktig å peike på at lista ikkje er uttøymande, og at ein må gjere ei konkret habilitetsvurdering i kvar enkelt sak. Dersom fleire av forholda som blir nemnt under gjer seg gjeldande i ei og same sak, kan dette styrke presumpsjonen om at det finst inhabilitet.

### 2.5.2. Særeigne forhold – eksempel

#### 2.5.2.1. Nært vennskap

Dersom ein søkar til middel eller oppdrag er nær venn med ein medlem av styret, ein tilsett i KORO, ein medlem i faste eller midlertidige utval eller ein annan som utfører arbeid eller tenester for KORO, er dette eit særeige forhold som er eigna til å svekke tilliten til at saksbehandlaren eller vedtakstakaren er upartisk. Det er likevel ikkje nok at personane kjenner kvarandre eller er i det same miljøet. Dei må vere *nære venner*. Vurderinga må vere konkret, og relevante moment vil vere kor ofte partane omgåast, og kor fortrulege dei er.



#### 2.5.2.2. Nært fagleg samarbeid

Også nært fagleg samarbeid mellom ein søkar til middel eller oppdrag og ein medlem av styret, ein tilsett i KORO, ein medlem i faste eller midlertidige utval eller ein annan som utfører arbeid eller tenester for KORO, kan utgjere eit slikt særlege forhold som er eigna til å svekke tilliten til at saksbehandlaren eller vedtakstakaren er upartisk. I vurderinga av fagleg samarbeid vil omfanget av samarbeidet og nærleiken i tid vere relevante forhold. Det at ein søkar og ein medlem av styret, ein tilsett i KORO, osv. har samarbeidd om prosjekt tidlegare, inneber likevel ikkje i seg sjølv at medlemmen eller den tilsette er inhabil til å vurdere og ta stilling til ei sak som involverer den tidlegare samarbeidspartnaren. Det må i utgangspunktet meir til. Det vil likevel kunne finnast inhabilitet dersom ei løyving eller eit oppdrag til ein søkar også vil kunne innebere ein fordel for han eller ho som deltar i saksbehandlinga for KORO. Ein kan for eksempel tenke seg at det er tale om partar som ofte samarbeider med kvarandre, og der pengestøtte eller oppdrag til søkaren seinare vil kunne komme saksbehandlaren eller vedtakstakaren til gode, for eksempel gjennom ein plass i prosjektet.

#### 2.5.2.3. Personleg eller fagleg motsetnadsforhold

Personleg eller fagleg motsetnadsforhold er også eit særlege forhold som kan svekke tilliten til at ein person er upartisk. Det må likevel dreie seg om meir enn meiningsmotsetnader; det må vere snakk om eit klart og uttalt motsetnadsforhold. Eit eksempel kan vere at søkaren til middel eller oppdrag og personen som handlar på vegne av KORO, har ligge i langvarige diskusjonar med kvarandre i offentlege medium, og diskusjonane har fått eit meir personleg preg.

#### 2.5.2.4. Tilsettingsforhold og kollegahabilitet

Det er berre personar som har ei leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamlinga i ei offentleg eller privat verksemd, foreining, stifting eller anna, som er automatisk inhabile til å behandle saker der verksemda er part. Det kan likevel oppstå spørsmål om ein medlem av styret eller utvala til KORO eller ein annan som utfører arbeid eller tenester for KORO, er inhabil til å delta i behandlinga av ein søknad der arbeidsgivaren til eller ein kollega av vedkommande står som søkar. Det kan også oppstå habilitetsspørsmål knytt til tidlegare tilsetting i ei verksemd, foreining eller anna som søker middel. For eksempel kan det oppstå spørsmål om kva det har å seie at personen som handlar på vegne av KORO, tidlegare har hatt ei leiande stilling i verksemda som står som søkar.

Når det gjeld i kva grad eit nåverande arbeidsforhold påverkar habilitetsvurderinga, vil spørsmålet vere kor sentral posisjon vedkommande har i verksemda til søkaren, samt kva det har å seie for vedkommande at ein søknad blir innvilga. I denne vurderinga må ein ta i betraktning kor mykje vedkommande sjølv har hatt å gjere med søknaden, og om ei eventuell løyving vil ha særleg betydning for arbeidssituasjonen til vedkommande, for eksempel om han eller ho er tiltenkt ein sentral posisjon i eit prosjekt det blir søkt om middel til. Vidare kan det vere relevant å ta i betraktning kor mykje det har å seie for økonomien og omdømmet til verksemda at ein søknad om støtte blir innvilga. Dersom ei løyving har stor betydning for trygging av arbeidsplassar eller liknande, vil dette vere eit forhold av vesentleg betydning i vurderinga.

Det skal vanlegvis mykje til før tidlegare tilsetting i ei verksemd som søker middel, fører til at ein styremedlem eller tilsett i KORO, ein medlem i faste eller midlertidige utval eller andre som utfører arbeid eller tenester for KORO, er inhabile til å behandle søknaden. Dersom vedkommande var involvert i søknaden før han eller ho avslutta tilsettingsforholdet, kan dette ha betydning for habilitetsvurderinga. Det same gjeld dersom vedkommande hadde ein sentral posisjon i verksemda, og det ikkje er lenge sidan han eller ho slutta å jobbe der. Grunngevinga for inhabilitet er i så fall at ein kan tenke seg at vedkommande fortsatt identifiserer seg med verksemda som søker middel.

Det skal også vanlegvis mykje til før ein styremedlem eller tilsett i KORO, ein medlem i faste eller midlertidige utval eller andre som utfører arbeid eller tenester for KORO, er inhabile til å behandle ein søknad der ein nåverande eller tidlegare kollega står som søker. Det relevante vurderingstemaet vil vere om det finst forhold utover det faktum at søkeren og saksbehandlaren er eller har vore kollegaer, for eksempel om dei er eller har vore nære venner eller samarbeidspartnarar.

#### 2.5.2.6. Eigarskap

Dersom ein styremedlem eller tilsett i KORO, ein medlem i faste eller midlertidige utval eller andre som utfører arbeid eller tenester for KORO, er (større) eigar i ei verksemd som søker om middel, kan dette vere eit forhold som medfører inhabilitet. Det same gjeld dersom ein fysisk eller juridisk person vedkommande har ei nær tilknytning til, har (større) eigarskap i verksemda som søker middel.

#### 2.5.2.7. Partstilknytning hos nærstående

Omgrepet "part" viser til ein fysisk eller juridisk person som ei avgjerd rettar seg mot, eller som saka elles *direkte gjeld*. Den privatpersonen, verksemda, foreininga, institusjonen eller liknande som står som søker av middel frå KORO, er part i saka. I enkelte søknader vil søknaden spesifikt nemne andre fysiske eller juridiske personar enn han eller ho som formelt sett står som søker. I slike tilfelle kan det oppstå spørsmål om også desse personane er partar i saka. Ein må vurdere om avgjerda kan få *direkte betydning* for dei.

Det kan også oppstå spørsmål om ein styremedlem eller tilsett i KORO, ein medlem i faste eller midlertidige utval eller andre som utfører arbeid eller tenester for KORO, har ei slik tilknytning til ein fysisk eller juridisk person som igjen har ei slik tilknytning til den som er part i saka, at det kan oppstå inhabilitet.

For eksempel kan ein tenke seg eit tilfelle der ein utvalsmedlem i KORO gir støtte til ein institusjon der ektefellen hans eller hennar er leiar. I eit slikt tilfelle er ektefellen som utgangspunkt ikkje part i saka, og det oppstår såleis ikkje automatisk inhabilitet. Det finst likevel eit særlege forhold som vil kunne svekke tilliten til at vedkommande er upartisk.

### 2.5.2.8. Særleg om betydinga av konkurranseforhold i habilitetsvurderinga

Ved utlysing av middel og oppdrag i KORO vil det ofte vere langt fleire søkarar og/eller søknader enn det dei utlyste midla eller oppgåvene rekker til. Dette har betyding for habilitetsvurderinga.

Forvaltningslova slår fast at den som blir rekna som inhabil, er inhabil til å førebu og fatte avgjerd i "saka". I tilfelle der det finst eit direkte konkurranseforhold mellom ulike søkarar, slik at ein søkar berre kan få plass viss ein annan *ikkje* får det, vil alle søknadene i utgangspunktet bli rekna som del av ei og same forvaltnings sak. Det inneber at ein person som er inhabil i behandlinga av éin søknad, også vil vere inhabil til å vurdere andre søknader som konkurrerer om den same "potten" eller oppgåva.

Det er vanskeleg å avgjere nøyaktig når fleire søknader står i eit så nært og direkte konkurranseforhold til kvarandre at ein må rekne dei som del av same sak, og når det er tilstrekkeleg mange søknader til at dei *ikkje* er del av same sak i forvaltningslovas forstand. Dette må ein vurdere konkret i kvart tilfelle. Ein må også vurdere størrelsen på "potten"/oppdraget i forhold til størrelsen på dei enkelte søknadene.

### 2.6. Habiliteten til ein underordna når overordna er inhabil

Dersom ein tilsett i KORO er inhabil, kan heller ikkje tilsette som er underordna vedkommande treffe avgjerder i saka. Formålet med avgjerda er å unngå å svekke tilliten til ei avgjerd som følge av at ein underordna kan ha latt seg styre av inhabiliteten til den overordna i saksbehandlinga si. Inhabilitet etter denne avgjerda har, i motsetnad til dei andre reglane om inhabilitet, berre den verknaden at den underordna ikkje kan treffe *avgjerder* i saka. Han eller ho kan fortsatt *førebu grunnlaget* for avgjerdene.

Omgrepet "avgjerd" omfattar meir enn å fatte eit *endeleg vedtak*, men det må dreie seg om vedtak som er av reell og vesentleg betyding for saka. I tillegg til at den underordna er avskoren frå å treffe avgjerder om å innvilge eller avslå ein søknad, vil vedkommande for eksempel vere avskoren frå å avvise søknaden. Ein underordna vil også vere avskoren frå å utøve kontroll- og tilsynsoppgåver i saker der ein overordna er inhabil.

Også enkelte andre vedtak, som å engasjere utanforståande til å vurdere ein søknad, å gi innstilling i ei sak eller liknande, *kan* reknast som ei avgjerd. For at tilliten til ei avgjerd skal bli svekka, må det likevel dreie seg om vedtak som har meir enn ei indirekte betyding for avgjerda av saka. I vurderinga vil desse forholda vere særleg relevante:

- om vedtaket verkar som eit eige, formelt trinn i saksbehandlinga
- om vedtaket set nærmare rammer for det endelege vedtaket i saka
- om vesentlege praktiske grunnar talar mot inhabilitet

### 2.7. Inhabilitet som openbert ikkje har innverknad på saka

Dersom det er openbert at inhabiliteten ikkje vil kunne påverke utfallet av saka, og verken offentlege eller private interesser tilseier at personen som er inhabil vik sete, kan han eller ho likevel delta i førebuing eller avgjerd i saka.

Det er viktig å understreke at unntaket berre gjeld dersom det er *openbert* at inhabiliteten ikkje vil kunne påverke utfallet i saka. Slik er det i utgangspunktet berre dersom vedtak i saka er strengt lovbundne. Det vil sjeldan vere tilfelle i saker for KORO. Vidare kan det, sjølv i denne typen saker, vere slik at offentlege eller private interesser tilseier at personen som er inhabil likevel vik sete. Unntaksmoglegheita bør derfor nyttast forsiktig.